

## Møte i FAU onsdag 29. sept. 2010 kl 1800

Til stades:

Helene Risnes (1. kl), Beate Mettälä Føyen (2. kl), Egil Våge (3. kl), Svanhild Hermansen (4. kl), Anne Britt Melkevik Dahle (5. kl), Ingjerd Helle Lorensen (6. kl) og Solveig Hjøllø Sleen (7. kl). Rektor Lars Bakka var til stades under sak 1a.

### S a k l i s t e:

1. Trafikksituasjonen rundt Sagvåg skule
  - a. Orientering ved rektor
  - b. Drøfting i FAU/synfaring på skuleområdet

Dette var eit temamøte, der denne saka var den einaste på saklista.

#### a. Orientering ved rektor

Presentasjon av skisse over skuleområdet og litt historikk i tilknytting til korleis dette var tenkt. Det meste er opparbeidd ute, men ein manglar enno amfiet - noko skulen har eit sterkt ønskje om å ta i bruk. Dei første elevane som begynte ved nye Sagvåg skule er no snart klare for ungdomsskulen utan nokon gong å ha fått vore med å bruka amfiet, som på det næraste er opparbeidd, men manglar benkar.

I samband med den belastninga det er med nytte-/tungtrafikk inne på skuleområdet har skulen konkret teke initiativ til å flytta bossdunkane bort mot vegen. Ein unngår då trafikk i samband med bossavhenting. Det er likevel ein god del nyttetrafikk som kjem inn på området, i tillegg til mykje av-/og påstigning i samband med levering og henting av elevar.

#### b. Drøfting i FAU/synfaring på skuleområdet

Foreldre ved Sagvåg skule signaliserer at det er stor tilfredshet knytt til det fysiske skulebygget og korleis dette fungerer. Trivsel blant elevar og lærarar er god, og ein nyt framleis "hvetebrods dagar" i det nye skulebygget.

Ein har likevel, nær 5 år etter formell opning av skulen, notert seg at ein del av det fysiske utemiljøet ikkje fungerer etter intensjonane, og at me har det meir trafikkfarleg inne på skuleområdet enn det som er forsvarleg.


FAU ønskjer å ha en gjennomgang og ei evaluering av dette med målsetjing om å gjera trafikksituasjonen ved skulen betre.

Det vert sett fokus på følgjande:

- Kor og korleis beveggar elevane seg til/frå og på skuleområdet?
- Kor finn me trafikkfarlege punkt?
- Korleis kan me finna tryggare løysingar?
- Kva er framleis ikkje ferdigstilt på skulen sitt uteareal?


## Oppsummering av synfaringa:

### Konflikt-/risikopunkt i tilknytting til skulen sitt uteområde:



1. Ikkje skjerma gangareal for borna. Konflikt mellom køyretøy/barn
2. Ikkje god tilrettelegging for av-/påstigning ved levering og henting av barn. Dårlig struktur på køyremønster. Ikkje tilrettelagt for rundkøyning, noko som medfører at mange ryggar her. Konflikt i høve til barn som kryssar plassen til/frå ballplass/skaterampe og ballbinge.
3. Vegen er i prinsippet for smal til at to bilar kan passera.
4. Det er bilferdsle inne på ballplassen. Dette var ikkje tiltenkt frå starten av, men er likevel blitt praktisert pga øvrig arealdisponering og behov for av-/påstigning for elevar.
5. Ikkje konflikt- eller risikopunkt men amfi framstår framleis som berre delvis tilrettelagt, og kan ikkje nyttast. Det er lite som står att for å gjort dette ferdig, noko som bør prioriterast for å få den bruken av skuleområdet som vart tiltenkt.

## Konflikt-/risikopunkt i tilknytting til hovudveg



6. Gang-/sykkelveg for elevar som kjem frå Sagvåg og Jensanes. Dette er ei god og trygg løysing.
7. Utrygg kryssing av veg for dei elevane som kjem til skulen via opparbeidd sti.
8. Det er ikkje tilrettelagt for av-/påstigning ved hovudveg for dei som kjem frå Sagvåg. For dei som kjem frå Fitjar, kan ein stoppe i busslomme, men det er dårleg tilrettelagt å komma seg frå busskur og vidare til gang-/sykkelsti.
9. Ikkje tilrettelagt for kryssing av veg for elevar som bur på motsatt side av vegen.
10. Grøntareal.

### Mogelege løysingar:

1. Opparbeiding av gangareal langs bråtet. Dette vil skapa ein trygg gangsone mellom skulebygget og ballplass/-binge.
2. Påminning til foreldre om kva køyremønster ein ønskjer her.
3. Ingen tiltak.
4. Samme som pkt 2.
5. Ferdigstilling av amfiet som ein del av skulen sitt uteareal, sjå illustrasjonsfoto:



6. Dette er løyst på ein god måte.
7. Undergangen er ei trygg løysing, men denne vert ikkje brukt fordi den vert ein omveg. Denne erfaringa meiner me tilseier at stien bør oppgraderast til ein "lovleg" tilkomst til skulen. Stien bør grusast, og autovernet forlengast for å unngå kryssing av vegen her. Elevane blir då styrt bak leveggen med bossdunkane og vidare bak ballbingen, og slepp å kryssa vegen. (FAU ser at å nytta skuleområdet mot aust kan gje konflikt i høve til tilkomst til det planlagde bustadfeltet på Rukjen, men me ser for oss at total vegløyning utansett må betrast mot Rv 545 når dette vert realisert). Illustrasjonsfoto:



8. Vurdera bruk av fartsgrense, samt opparbeiding av fotgjengarovergang/meir fortau. Betra tilrettelegging for av-/påstigning ved Rv 545 hadde medført mindre trafikk inn på skuleområdet. Ei utbetring her er kan hende det som i størst grad hadde redusert biltrafikk inne på skuleområdet!
9. Samme som pkt. 8. Husstandar som bur på motsatt side av vegen har ikkje tilfredsstillande tryggleik når det gjeld skuleveg.
10. Vurdera om dette grøntarealet bak ballbingen kan omdisponerast med føremål å få til ei løysing med rundkøyring. Dette vil gjera av- og påstigning tryggare. Illustrasjonsfoto:



FAU understrekar at vår motivasjon for å setja denne saka på dagsorden har utgangspunkt i bekymring for borna våre sin tryggleik når dei er på skulen sitt område. Kva vurderingar ein bør gjera, og korleis konkrete problemstillingar skal løysast er ikkje vårt fag. Me har likevel prøvd å spela inn forslag som me trur kan vera relevante med tanke på å få til betre løysingar for Sagvåg skule sitt tilkomst- og uteareal.

Me ønskjer ei formell evaluering av området og ei kartlegging av trafikale risikofaktorar. Sagvåg skule er ein arena for barn, og utearealet må fungera i høve til dette.

Anne Britt M. Dahle  
Leiar FAU